

# Mor

Ho mor er oppe med' det enn er natt-  
Ho alt hev kveikt den vesle Tusselampen.  
For beist og hyslyd no må stellast att.  
Og sidan må ho av til vaskestampen.

Han far er utanbygds på arbeid han-  
So ho må styra heimen, heilt åleine.  
Må vera dreng og gjente, mor og mann,  
og sjukesyster og, er borni kleine.

Sjå, bort ved omnen ligg ho no på kne,  
og strevar tolsamt med å kveikja elden,  
som ei vil fata i den råde ved.  
Med' borni dormar stille under felden.

So gjeng ho bort til vindauga ein sving,  
og andar hol i isen på ei rute-  
Ho skodar ut, men ser mest ingen ting,  
for stormen ruskar hardt i mjellsnø ute.

Ho likevel må ut og måka braut  
til floren, gjennom meterhøge fenner-  
For dei må stiaast, alle gardsens naut,  
og få litt morgonføda mellom tenner.

Frå løa kjem ho innatt, kvit av snjo-  
Finn morgonmaten fram, og bordet dekkjer.  
I omnen blæs ho liv att i ei glo-  
So gjeng ho vart i kring og borni vekkjer.

Framføre henne ligg ein annsam dag-  
Hev ikkje tid å sitja attved bordet-  
Ho må til skytja, bruka øks og sag-  
Men fyrst ein liten glytt i Bibelordet.

Ho faldar sine hender stilt og bed  
om kraft å greia dagens mange yrkje-  
Og stova fyllest med ein heilag fred-  
med' borni sit so kyrt, som i ei kyrkje.

Kva trur De vel at slik ei mor er verd,  
som stilt i heimen knytter kjærleiksbandet-?  
Gjev borni gode minne på si ferd-  
Seg, finst her folk med større verd i landet?

Av Johs. M. L. Rydland